

Årsmøteprotokoll 2023



Hardangerrådet



Hardanger

MØTEPROTOKOLL

ÅRSMØTET 2023

I

HARDANGERRÅDET IKS

Dato: 30.03.2023

Stad: Eidfjord kommune, kommunstyresalen

Tid: Klokka 09.00 – 10.30

Årsmøtorepresentantar:

Eidfjord kommune:	Ordfører Anders Vatle
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug - rådsordfører
Ulvik herad:	Varaordfører Jens Olav Holven
Styret:	Styrenestleiar Solfrid Horne-Moe
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim

Konstituering: Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. 4 eigarar var møtt fram med 100 % eigardeler. Møtet vart lovleg sett.

Styrenestleiar Solfrid Horne-Moe vart vald til møteleiar og Jostein Eitrheim vart vald møtesekretær.

Til å skriva under møteboka saman med rådsordfører vart Anders Vatle og Torgeir Næss valde.

Sakshandsaminga. Alle vedtak er samrøystes når ikkje anna er nemnt.

Årsmøtesak 01/23 Årsmelding 2022 og Rekneskap 2022

Revisormelding frå Vestlandsrevisjon IKS vart lagt fram for Årsmøtet.

Vedtak:

- Årsmelding for Hardangerrådet iks 2022 vert vedteken slik den ligg føre.
- Rekneskapan for Hardangerrådet iks 2022 vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmøtesak 02/23 Rammebudsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026.

Vedtak :

- Rammebudsjettet for 2023 og økonomiplan 2024-2026 vert godkjent slik dei ligg føre.
- Styret får fullmakt til å vedta detaljbudsjett 2023 med justeringar innanfor rammebudsjettet 2023.

Årsmøteprotokoll 2023

Årsmøtesak 03/23

Arbeidsplan 2023 - 2024

Vedtak:

Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2023 - 2024 vert vedteken slik han ligg føre. Årsmøtet delegerar til Representantskapet å godkjenne endringar i Arbeidsplanen dersom dette vert aktuelt.

Årsmøtesak 04/23

Val av rekneskapsførar og revisor for 2024.

Vedtak:

- a) Vestlandsrevisjon IKS vert valt til revisor for Hardangerrådet iks for 2024.
- b) Hardanger Økonomiservice AS vert vald til rekneskapsførar for Hardangerrådet iks 2024.

Årsmøtesak 05/23

Godtgjersle til styret for 2023

Vedtak:

Godtgjersle til styret i Hardangerrådet iks for 2023 vert:

Styreleiargodtgjersle kr 12.000,- pr år

Møtegodtgjersle kr 2.000,- pr møte

Årsmøtesak 06/23

Val av styre

Vedtak:

Styremedlem	Hans Petter Thorbjørnsen	2023 - 2025 attval
Styremedem	Frode Nygård	2023 - 2025 ny
Styreleiar	Solfrid Horne-Moe	2023 - 2024
Nestleiar	Hans Petter Thorbjørnsen	2023 - 2024
1. varamedlem	Astrid Oma Seljestad	2023 - 2024
2. varamedlem	Finn Kristoffersen	2023 - 2024

Nytt styre 2023 - 2024:

Solfrid Horne-Moe	styreleiar
Hans Petter Thorbjørnsen	nestleiar
Frode Nygård	styremedlem
Astrid Oma Seljestad	1.varamedlem
Finn Kristoffesen	2.varamedlem

Årsmøtesak 07/23

Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker.

.....
Roald Aga Haug
rådsordførar

.....
Anders Vatle

.....
Torgeir Næss